Danskernes Historie Online
Danske Slægtsforskeres Bibliotek

Dette værk er downloadet fra Danskernes Historie Online

Danskernes Historie Online er Danmarks største digitaliseringsprojekt af litteratur inden for emner som personalhistorie, lokalhistorie og slægtsforskning. Biblioteket hører under den almennyttige forening Danske Slægtsforskere. Vi bevarer vores fælles kulturarv, digitaliserer den og stiller den til rådighed for alle interesserede.

Støt vores arbejde – Bliv sponsor

Som sponsor i biblioteket opnår du en række fordele. Læs mere om fordele og sponsorat her: https://slaegtsbibliotek.dk/sponsorat

Ophavsret

Biblioteket indeholder værker både med og uden ophavsret. For værker, som er omfattet af ophavsret, må PDF-filen kun benyttes til personligt brug.

Links

Slægtsforskernes Bibliotek: https://slaegtsbibliotek.dk
Danske Slægtsforskere: https://slaegt.dk



EINAR
HOVDHAUGEN

RETTLEIING I GARDS- OG ÆTTE-GRANSKING

BØNDENES FORLAG

RETTLEIING I GARDS- OG ÆTTEGRANSKING

BØNDENES FORLAG
OSLO 1958

«Lyssna til den granens susning

EINAR
HOVDHAUGEN

RETTLEIING I GARDS- OG ÆTTE-GRANSKING

vid hvars rot dit bo är fästad»

INNHALD

«SLEKT SKAL FØLGE SLEKTERS GANG» 5
Framgangsmåten 8

KJELDENE 10
Munnleg tradisjon 10
Gardsarkivet 10
Kyrkjebøkene 11
Skifteprotokollane 12
Pantebøkene 13
Skattemanntal og folketellingar 13
Matriklane 14
Tingbøkene 15
Andre kjelder i statsarkiva 15
Andre kjelder i Riksarkivet 15
Prenta kjelder 16
Fornfunn 17

NORGES BONDELAGS GARDS- OG ÆTTEBOK 18
Skjema for opplysningar om eigar/brukar på garden 18
Slektstavler (Anetavleskjema) 19
Gardssoga og skjema for garden 19
Skjema for skisser og for oppklebing av bilete til gards- og ætteboka 21

GARDS- OG ÆTTEDIPLOM OG SLEKTSDIPLOM 22
Gards- og ættediplom 22
Slektsdiplom 23

«SLEKT SKAL FØLGE SLEKTERS GANG»

Det gamle bondesamfunnet var nokså mykje eit ættesamfunn. Ættekjensla og ættesamfunnet blir sterkare og sterkare di lenger tilbake vi går i tida. Folk heldt god greie på ætta si. Dei åtte ikkje slektstavler og lite av skrivne opplysningar. Det innskrenka seg ofte til korte oppteikningar på innsida av permen i bibelboka eller huspostillen. Det var den munnlege overleveringa som var den viktigaste, og lenger tilbake i tida den einaste overlevering av ættetradisjonen og ættekjennskapen. Frå barna var små lærde dei kjenne ætta si gjennom det foreldra, besteforeldra og andre fortalde. Og det galdt ikkje berre næraste ætta, men ætta gjennom lange tider og i mange forgreiningar. Ættekjensla og kunnskapen om ætta festa seg i barnesinnet, og førde tilbake til ei stadig fjernare fortid, for til sist å tape seg i ei grå skodde. Dette skapte ein sterk indre samanheng over livet deira. Det enkelte mennesket vart ein lekk i ei endelaus kjede av menneskelagnader. Det «å vera av same folket» vart ein sterk og levande realitet.

Vi møter ættekjensla like sterk og levande både mellom bøndene og den gamle husmannsklassa. Dei er alle runnen av same rot og har felles forfedre. Svært ofte er det yngre søner frå gardane som vart dei første husmenner. Det ulykkelege klasseskillet skaptes gjennom tidene etter som skilnaden i økonomisk evne og sosial posisjon i samfunnet vart meire markert. Vel var det bøndene som naturleg nok best heldt ættetradisjonen vedlike. Men ættekjensla var sterk og levande hos alle i det gamle bygdesamfunnet. Det å vera utan ætt var å vera sett utanfor samanhengen.

Når det gjeld embetsmannsslekter og kjøpmanns-

slekter, finn vi òg sterk ættekjensle og rike ættetradisjonar inna dei folkeskikt desse høyrde til. Ofte er det slektsband frå desse slektene som fører over til bonde- og husmannsslektene. Ei grein av ei embetsmannsslekt eller kjøpmannsslekt går over i bonde- eller husmannsklassa. Eller det kunne gå omvendt. Slike tilfelle er ikkje så heilt sjeldne. Gjennom tidene har livet tumla med menneska på mange måtar. Ei slekt har vandra på mangslungne vegar. Ikkje alltid gjekk kjelken beine vegen. Det er sidesprang, synd og soning, livet i all sin mangslungne rikdom som møter oss i soga til kvar einaste ætt.

Inna bondesamfunnet har det alltid vore ein nær samanheng mellom ætta og garden. Garden var ikkje salgsvare. Han følgde ætta. Det kan skille mykje frå gard til gard og frå bygd til bygd. Men for ein stor del er det enda slik. Ætta har sote på garden i generasjon etter generasjon, ofte så lenge vi kan følge garden tilbake i tida. Kva verdi dette har hatt for stabiliteten i bondesamfunnet kan vi neppe vurdere høgt nok.

Denne samanhengen mellom ætta og garden gav odelsguten ein serleg plass i ættetradisjonen. I norsk bondetradisjon er soga hans skrive med gullkanta bokstavar, medan dei yngre søsken har fått ein mindre framtredande plass. Mange av dei reiste ut, andre gjekk over i lågare sosiale skikt, og enkelte fekk ætta si knytt til andre gardar. Og når ein tar fatt på slektsgransking, er det ikkje alltid så lett å finne ut kvar det vart av dei yngre barna på garden.

I dag er vel ættekjensla veikare enn ho var i det gamle bondesamfunnet. Den munnlege overlevering er veikare. Korkje sosialt eller økonomisk spelar ætta den rolle som ho gjorde tidlegare. Kvar enkelt av oss stig klårare fram som individ. Det er kva du er i deg sjølv, som menneske, og ikkje kva ætt du er av, som tel. Men jamvel for nåtidsmenneska er «blod tykkare enn vatn». Og nå som før er det stor arv for mannen av godtfolk vera fødd.

Etter som ein blir eldre, får heim og barn, vaknar og interessa for forfedrene, for garden ein sit på og har sitt yrke knytt til. Ein gjer sine refleksjonar. Her har slektsledd på slektsledd hatt si gjerning før oss. Desse slektsledd har kanskje vore av vår ætt. Kor lenge har ætta sote her? Kven var dei? Kvar kom dei frå dei unge konene som vart gifte hit? Kvar vart det av dei yngre søskena? Korleis var vilkåra dei levde under? Det er spørsmål som opnar perspektiv og skapar ein samanheng, som jamvel i vår tid er verdifull.

Det er i dag stor interesse for lokalhistorie, gardshistorie og slektshistorie ute i bygdene. Det vitnar dei mange bygdebøker om, der gards- og slektshistoria ofte har stor plass. Men desse bøker må nødvendigvis bli noko snaue når det gjeld historia til den enkelte garden og den enkelte slekta. Kvar einaste gard og kvar einaste slekt gjev i grunnen materiale til ei sjølvstendig bok. Den store interessa for Norges Bondelags gards- og ættegranskingar fortel levande om kor mange det er som ønsker finne nærmare greie på soga til garden og ætta si. Og det er til hjelp og rettleiing for desse denne vesle utgreiinga er tenkt.

Mange står noko hjelpelause overfor korleis dei skal ta fatt på dette arbeidet. Det nyttar ikkje gå planlaust til verks. Ein må ha klårt for seg opplegget for arbeidet, og kjennskap til kva for kjelder som finst og kvar ein kan finne dei opplysningar ein treng.

Når det gjeld slektshistoria er våre forfedre legio. Å følge ei slekt i alle forgreiningar lar seg i lengda ikkje gjera. Ei breitt opplagt slektshistorie er ei veldig oppgave, som krev mykje både av tålmod, tid og pengar. Ei slik oppgave bør i dei fleste tilfelle overlatast til ein genealog, eller folk med spesiell slektshistorisk interesse. I dei fleste tilfelle må vi nøye oss med ei viss avgrensing av oppgava. Vi må forsone oss med at både enkeltpersonar og ættgreiner kan bli borte for oss på vegen. Finn vi fram til ei rimeleg avgrensing vil dei fleste ved eige hjelp, og ved assistanse av lokal-

historikarar og arkivfolk, finne fram til eit brukbart resultat når det gjeld kjennskapen til garden og slekta.

Det å finne fram til ei utgreiing om slekta si i rak line til kring 1700-talet er i dei fleste tilfelle meire arbeid enn kunst. I svært mange tilfelle vil ein kunne greie det til 1600-talet òg. Lengere tilbake blir materialet spinkelt, og det vil i dei fleste tilfelle vera vanskeleg å følge ei vanleg bondeslekt lengere. Når ein i ein god del tilfelle likevel greier det, er årsaken at ein har tilknytting til slekter som har spela ein viss rolle i samfunnet, sosialt og samfunnsmessig. Men sjøl i desse tilfelle står ein oftast på meire usikker grunn. Dei enkelte ledd kan ikkje dokumenterast på same måte som tida etter 1650—1700.

Dei gamle skriv og protokollar er skrivne med gotisk skrift. For ein som ikkje har lært seg å lesa denne skrifta kan det kanskje sjå noko vonlaust ut å gi seg i gang med ho. Det er mykje ei øvingssak. Det er å få kjøpt bøker med skriftprøver på gotisk skrift, og dei kan vera til hjelp, men ein må likevel øve seg til å lesa dei ulike handskrifter. På arkiva vil ein kunne få hjelp til å tyda vanskelege ord. Kyrkjebøkene er dei som er lettast å lesa, men det skil mykje på handskrifta og samantrenging av skrifta.

Det er derfor viktig å ha ein viss kjennskap til dei kjeldene ein kan gå til og å ha ein plan for arbeidet. Planlaus gransking i arkiva er som å leite etter ei nål i ein høystakk, og det er bortkasta arbeid.

Framgangsmåten

Ein må ha klårt for seg at det er seg sjøl og si tid ein må gå ut frå. Ein må gå frå det kjende til det ukjende. Det er ein lang tråd bakover i tida ein skal nøste opp. Av og til blir tråden ugrei. Ein må ikkje gi tapt for det. Det er noko som hender alle.

Den som går i gang med dette arbeidet vil bli fengsla av det. Det er ein «hobby» ein vil ha stor

glede av. Eit vilkår må ein sette for arbeidet, det må bygge på pålitelege opplysningar. Og vi må ikkje underslå opplysningar, sjøl om dei ikkje kastar berre glans over våre forfedre. Våre forfedre har ikkje vore berre englar. Dei har vore levande menneske i godt og vondt.

Til hjelp for dei som på eige hand ønsker å gå i gang med å granske soga til garden og ætta si, med tanke på å få Norges Bondelags gards- og ættediplom eller slektsdiplom skal eg prøve gi ei rettleiing om den praktiske framgangsmåten og gi nokre opplysningar om dei viktigaste kjelder ein må gå til. Eg har sett dei opp nokonlunde i den rekkefølge det vil vera praktisk å ta dei.

KJELDENE

Munnleg tradisjon

Kjøp ei litt større skrivebok, gjerne med stive permer og solid innbinding. Gå til foreldre og besteforeldre og andre gamle folk i grenda. Skriv ned alt du får greie på av munnleg tradisjon som knyter seg til garden og ætta. Det kan vera tradisjon om åkrar og jordstykke på garden, om ein eller annan av dei folka som har levt på garden, om seterliv, jakt og fiske, utnytting av fjellet m. v. Noter alltid kven som har fortalt det, og gi det aldri ut for anna enn tradisjon, der du ikkje kan stadfeste det ved skriftlege kjelder.

Gjer det til skikk å notere ned viktige hendingar på garden og i ætta i di eiga tid. Ein dag er det historie. Og du har kanskje lagt grunnen til ein god skikk for komande slekter. Skriv ned namn på åkrar og jordstykke. I vår tid blir slike namn lett gløymde.

Ei slik bok vil bli ei verdifull bok i gardsarkivet, ei bok komande slekter vil takke deg for.

Gardsarkivet

På dei fleste gardar ligg ein del gamle brev og dokument. Det kan vera skjøter, kjøpekontrakter, føderådsbrev, husmannskontrakter, gamle skattebøker, dagbøker, rettsforlik, domar, makeskifter, og brev og dokument av ymse karakter. Gå i gjennom dei og noter deg det du har bruk for i arbeidet ditt med å lage eit oversyn over soga til garden og ætta di. Det er òg ofte ein god måte å lære seg gotisk skrift på. I gamle biblar og huspostillar finst ofte nedskrive slektshistoriske data. Ein bør samle og ordne dette gardsarkivet og oppbevare det på ein trygg måte, i bankboks eller eldfast skåp. Alle gardar bør ha eit ordna gardsarkiv.

Kyrkjebøkene er den viktigaste kjelda for ættegranskinga. Dei kyrkjebøkene som ligg opp mot vår tid, ligg hos soknepresta. Ved å vende seg til soknepresten, vil ein kunne få opplysningar om slekta si. Dei eldre kyrkjebøkene er på statsarkiva. I enkelte bygder går kyrkjebøkene tilbake til 1630-åra, men dei fleste går berre tilbake til 1680—90-åra. I enkelte bygder er kyrkjebøkene bortkomne ved brann. Dei eldste kyrkjebøkene er av ulik verdi. Mange er ufullstendig og slurvet ført.

Etter 1800-talet har vi som regel kyrkjebøker med trykte rubrikkar for døypte, konfirmerte, gifte og gravlagde. Ofte finn ein òg opplysningar om dødsårsaken, og om utvandring og innvandring, kvar dei kom frå og kvar dei drog. Kyrkjebøkene etter 1800 skulle ikkje by på serleg store vanskar å lesa for dei fleste.

Som regel yil det løne seg å ta ein tur til statsarkivet og undersøke kyrkjebøkene. Det går òg an å skrive etter opplysningar, men ein kan ikkje vente at arkivfolka vil ha tid til å undersøka gangen i ei slekt gjennom eit lengere tidsrom. Det vil òg lett falle for dyrt.

Når ein reiser til arkivet for å undersøke kyrkjebøkene bør ein ha personar og visse data å gå ut frå. Du veit t.d. at bestefar din var fødd i 1845. Du tar da for deg kyrkjeboka for 1845, og finn namnet hans da han vart døypt. Fødselsdatoen står òg, men i dei eldre kyrkjebøker oftast berre dåpsdatoen. Der står namnet på fadderar, namnet på foreldra, og kanskje òg kor gamle dei er, og kvar i søskenrekka den døypte høyrer til. Så er det å finne foreldra hans. Ofte må ein gjennomleite kyrkjebøkene over ei årrekke kring det sannsynlege tidsrom da den vi leiter etter var født, konfirmert eller gift. Vi finn kanskje datoen da ein av våre forfedrar er gravlagt. Det står at han er så og så gamal. Vi slår tilbake i kyrkjeboka på det året som skulle høve, og finn han ikkje. Da må vi leite gjennom eit tidsrom før og etter dette årstalet. Det

kan ofte variere fleire år. Det var ikkje alltid dei visste kor gamle dei var så akkurat, anna alderen er oppgitt på slump. Når vi kjem tilbake til dei eldre kyrkjebøker blir det ofte vanskelegare. Ofte er ikkje gardsnamnet oppgitt, berre fornamn og farsnamn. Da kan det stundom ha sine vanskar å fastslå kven som er kven.

Det å gjennomgå kyrkjebøkene kan ofte vera eit arbeid som tar tid, men tar vi i første omgang berre sikte på våre forfedre i rak line bakover, og ofte vil det løne seg gjera ei slik avgrensing i første omgang, skulle det vera eit overkomeleg arbeid i dei aller fleste tilfelle.

Skifte-protokollane

Skifteprotokollane finn ein i statsarkiva, anna enn for dei siste ca. 100 åra. Det er svært omfangsrike protokollar, av stor kulturhistorisk og slektshistorisk interesse. Ein får her utførlege opplysningar om den avlidne og hans arvingar, om formue, gjeld, registrering av innbu og lausøyre, med verdsetting av kvar enkelt ting. Ofte får ein og verdifulle og interessante opplysningar om husa på garden, og korleis tinga var plasert i husa. Mange av desse skifta er noko av det interessantaste kulturstoff vi eig.

I dei fleste statsarkiv er det nå utarbeidd utførleg register på kartotekkort under det enkelte gardsnamn. På desse kartotekkorta finn ein namnet på avdøde, namnet på arvingane hans og oppgave over bruttoformue og nettoformue. For slektsgranskinga kan desse opplysningane ofte greie seg. Og her har vi ingen lesevanskar. Desse kartotekkorta er elles ein god nøkkel når det gjeld å skaffe årstal til det ein vil leite etter i kyrkjebøkene.

Men sjøl om vi kan få dei nødvendige slektshistoriske data i kartotekkorta, så har skiftebreva likevel si store interesse. Dersom ein ikkje er altfor flink til

å lesa gotisk, vil det løne seg å få arkivfolka til å ta avskrifter. Det har sin interesse å ha avskrift av skifta for gardsarkivet. Men det er noko ein kan ta når det høver, om ein har interesse for det og vil koste på det.

Skifteprotokollane går tilbake til 1660-åra.

Pantebøkene

Dei yngre pantebøker og panteregister finn ein på sorenskrivarkontora. Panteregistra er ordna etter namnet på garden, og er lette å finne fram i. Her finn vi alle eigedomsskifte, føderådskontrakter i den utstrekning dei er tinglesne, heftingar på eigedomen m.v.

Dei eldre pantebøkene finn ein i statsarkiva. Dei går som regel ikkje lenger tilbake enn 1720-åra. Dei er rikaste kjelda for gardssoga. Forutan det ovafor nemnde finn ein òg ofte kommisjonsforlik, husmannskontrakter, fletføringskontrakter, grensesaker m. m. Som regel eksisterar det her òg eit eldre panteregister, fortløpande kronologisk for alle gardar i same tinglag under same bokstav. Altså ikkje noko moderne register for den enkelte gard, men ein må plukke ut t.d. garden Sæter mellom alle dei andre gardane i bygda på S.

Har ein ikkje noko register er det ikkje noko anna å gjera enn å bla gjennom dei tjukke foliantane. Greier ein lesa skrifta, vil ein kunne samle mykje på ein 4—5 dagars arkivopphald. Ein kan naturlegvis òg her få arkiva til å ta avskrifter.

Skattemanntal og folketellingar

Vi har ei rekke skattemanntal frå 1500-talet og utover. Desse skattemanntala har ikkje alle like stor interesse. I enkelte får vi berre lære å kjenne namnet til brukaren på garden, i somme ikkje eingang det, medan andre inneheld verdifulle opplysningar for gardssoga. I den eldste tida er det berre reine skatte-

manntal, seinare får vi reine manntal og folketellingar. Alle manntal og folketellingar er i Riksarkivet.

Folketellinga av 1865 gjev personopplysningar og alder over alle menneske som var på garden. Opplysningar over kva dei hadde av husdyr og utsæde av alle slag. Vidare opplysningar av same slag om husmannsplassane. Det er første folketellinga namnet på husmannsplassane er tatt med. Dei opplysningar vi her finn er av stor interesse for gards- og ættesoga.

Folketellinga av 1801 er den første fullstendige folketelling vi har i landet vårt. Her er folka som sokna til ein gard ordna i huslyder med oppgave over alder og yrke. Ein får ikkje namna på husmannsplassane. Verdifulle opplysningar for slektsgranskinga.

Manntalslistene frå 1664—65 gir opplysningar om namna og alderen på alt mannkjønn over 12 år (tildels dei under 12 år), og kva dei er (bonde, søner, tenestkarar, husmenn).

Kvegskatten av 1658 gjev opplysningar over namnet til brukaren på den enkelte garden, og kor mange dyr han hadde av kvart slag.

Koppskatten av 1645 gjev opplysningar om namnet på brukaren på garden.

Odelsmanntalet av 1615 gjev opplysningar om namn og eigedomstilhøve, når det gjeld odelsbøndene. Fleirtalet av bøndene var leiglendingar.

Gjengjerden av 1528 gjev opp namnet på dei bønder som svara gjengjerd.

Det finst òg ein del manntal som ikkje er tatt med her, men desse er dei viktigaste.

Matriklane

Matrikkelen av 1665—68 gir opplysningar om ny og gamal skyld på garden, om utsæde og krøtterhald, om garden har kvern, sagbruk, humlehage osv., om seterbol, skog og jordbonitet. Vi får veta om garden er odelsgods eller leiglendingsgods, eller blanda gods, namnet på brukaren og eigaren eller eigarane.

Matrikkelen av 1723 gir same opplysningar, men

er meire utførleg. Her er for første gang oppgave over husmannsplassar og utsæden der. Båe desse matrikkelane er i Riksarkivet.

Seinare matriklar har òg interesse, serleg forarbeida. Matriklane har vore trykte, delvis og forarbeida.

Tingbøkene

Tingbøkene, som ein finn i statsarkiva, går tilbake til 1660-åra. Vel er det helst tvistar, og om menneske som kjelken ikke har gått vegen for, vi her høyrer om. Men dei opplysningar ein finn her er oftast meire livfulle og utførlege enn elles er vanleg, og gir ofte breie kulturbilete.

I dei fleste tilfelle blir det vel ikkje spørsmål om å gå til tingbøkene, anna enn for dei som gjer granskinga av fortida til ein hobby. Men tingbøkene har ofte stor interesse. Når det gjeld gardssoga, kan det vera rettstvistar om eigedomstilhøve, grenser, hamnerettar og andre rettar til garden. Når det gjeld ættesoga bør ikkje det at ein her ofte må rekne med å støyte på dei svarte «får» i slekta og møte mindre tiltalande eigenskapar hos våre forfedre, halde ein frå å gå til tingbøkene.

Tingbøkene har som regel ikkje noko register og kan ofte vera vanskeleg å lesa for uøvde folk.

Andre kjelder i statsarkiva

I statsarkiva finst òg ei rekke andre kjelder, slik som futearkiv, stifts- og amtsarkiv og ei rekke andre kjelder. Har ein tatt seg ein tur til statsarkivet løner det seg å snakke med arkivfolka, som ofte vil kunne gi ein verdifulle råd og opplysningar om kva ein kan vente å finne.

Andre kjelder i Riksarkivet

I lensrekneskapa vil ein kunne finne mange opplysningar om garden og folka der frå 1580-åra og utover. Den eldste tida får vi som regel berre veta namnet på garden og dei avgifter garden svara. Sei-

nare som regel òg namna på brukarane. Dei eldre manntal, nemnt under punkt 6 finn ein i lensrekneskapa.

Dessutan finn ein her sakefall og ein masse opplysningar av ulike slag. Ein stor del av desse opplysningane er heller vanskeleg å finne fram til. Noko register eksisterar ikkje for det meste av dette veldige tilfanget, og i dei fleste tilfelle vil nok ei gransking av dette tilfanget kreve større historiske kunnskapar og meire tid enn ein bonde til vanleg rår over.

Her òg vil arkivfolka kunne gi verdifulle opplysningar.

Prenta kjelder

Det finst ein heil del prenta kjelder som det løner å gjera seg kjent med. Arkiva har det meste av desse kjeldene på lesesalen. Dessutan kan ein få dei utlånt frå Universitetsbiblioteket eller andre større bibliotek.

Først og fremst bør ein studere grundig den lokale bygdeboka, om det finst nokor slik. Og der det lever ein lokalhistorikar i bygda bør ein søke kontakt og rådføre seg med han.

Av andre bøker som det vil vera gagnleg å gjera seg kjent med i mange tilfelle kan nemnast: Eldre topografiske bøker frå distriktet der det finst slike, Norske riksregistrantar, Norske rekneskapar og jordebøker, Norske Herredagsdombøker, det som er trykt av Norske lensrekneskapar m. m. Oluf Rygh: Norske Gaardnavne gir språkleg-historiske opplysningar om namnet på garden og dermed om alderen på garden. Her finn ein òg tilvisingar til andre kjelder for gardssoga, om garden er nemnt i gamle sagaer og bokverk frå mellomalderen, og i ei rekke av dei arkivkjeldene eg før har nemnt. Serleg viktig er tilvisingane til Diplomatarium Norvegicum der alle kjende oldbrev frå tida før reformasjonen er prenta. Frå enkelte gardar og strøk av landet finst det mange slike oldbrev, frå andre mindre. Av andre bokverk kan nemnast Amund Helland: Norges land og folk og Jens Krafts

Norges Beskrivelse. Elles er det uråd stille opp nokor fullstendig litteraturliste. Det er noko ein sjølv må finne fram til etter som ein arbeider med spørsmålet.

Fornfunn

På mange gardar er det gjort funn frå forntida. Ikkje alltid er det kjent av brukaren på garden. Ved å vende seg til Universitetets Oldsaksamling vil ein kunne få opplysningar om det er gjort fornfunn på garden, og om det lar seg gjera få foto av dei.

☆

Dette skulle vera dei viktigaste kjelder for arbeidet med å skaffe greie på soga til garden og slekta si. Det finst sjølsagt mange fleire. Men eg er redd at mange alt synest at det er eit område så omfangsrikt og vanskeleg at dei kvir seg for å gå i gang. Ein må ikkje la vanskane ta motet frå seg. Arbeidet kan forenklast ein god del og enda føre til gode resultat. Eg vil rå til at ein ikkje forløftar seg i første omgang.

For gardshistoria er det pantebøkene (ein hjelper seg langt med panteregistret) som er viktigaste kjelda. For slektshistoria er det kyrkjebøkene og skifteprotokollane (her greier ein seg langt med skifteregistret for dei statsarkiv som har utarbeidd slike). Det blir dei første kjeldene ein må søke til. Og dei gir i seg sjøl eit brukbart resultat. Vil ein så gå vidare får ein søke til andre kjelder. Interessa og motet veks med ein arbeider.

Det er det gode ved dette arbeidet at ein kan gjera det fyldigare etterkvart, etter som ein har tid og høve til. Dei granskingar du gjer eller har gjort er aldri bortkasta. Dei gir alltid eit grunnlag for vidare og utfyllande granskingar, anten det nå blir du eller dine etterkomarar som kjem til å gjera dei.

Søk råd hos folk som kan vera deg til rettleiing og hjelp. Ver nøye i kravet at alle opplysningar skal vera pålitelege.

NORGES BONDELAGS GARDS- OG ÆTTEBOK

Denne vesle utgreiinga er serleg tenkt til rettleiing for dei som vil nytte Norges Bondelags Gards- og ættebok. Det er ei praktisk og vakker bok med ringpermsystem, som høver framifrå til å føre inn opplysningar om garden og slekta. Ein kan der føre inn det ein veit og føre inn utfyllande opplysningar ettersom ein finn fram til dei. Ein kan sette inn nye blad etter som ein har bruk for dei. Vi skal ta for oss denne boka og sjå litt på korleis ein kan nytte henne.

Skjema for opplysningar om eigar/brukar på garden

Dette er dei første skjema vi støyter på i boka. Første skjema er greitt, det gjeld deg sjøl. Først er det namnet på garden, gardsnr. og bruksnr., herad og fylke, namnet ditt og når du er fødd, kven du er gift med, når kona er fødd, kvar ho er i frå, og kven du har overtatt garden etter, og når du overtok han. Så er det plass for biografiske opplysningar om deg og kona di, slik som utdaning, tillitsverv, og serlege arbeid du har utført på garden i di brukartid. På baksida er det så opplysningar om barna.

Som ein ser er det seg sjøl ein går ut frå. Så kjem dei same opplysningar om foreldra dine om du har overtatt garden av dei. Og vidare besteforeldre og oldeforeldre, om dei har vore brukarar av garden. I dei fleste tilfelle skulle desse fire slektsledda vera heller lette å greie. Vanskelegare blir det med fjernare slektsledd. Da må ein som regel gå til arkiva. Men du er nå kome eit godt stykke tilbake i tida. Som regel kan ein rekne eit tidsrom på 75—100 frå oldeforeldra var fødde til du vart fødd. Og berre det å ha fått

nedskrive opplysningar for 4 ættleder er i seg sjøl verdifullt. Og det er eit godt grunnlag for å gå vidare ved tid og høve.

Kor lenge slekta har sote på garden skifter mykje. Det kan vera nokre få ættleder og det kan vera mange. Stundom så langt ein kan følge soga til garden. I dei tilfelle du følger slekta di til vegs ende som brukar av garden, fyller du ut på same måte skjema for brukarar av garden før di slekt kom der.

Dei 3—4 yngste brukarar av garden kan du vonleg skaffe nokså utførlege opplysningar om. Når du kjem lengere tilbake blir det vanskelegare. Det er vanskelegare å finne greie på livet deira, kva verk dei øvde på garden utanom den daglege drifta vi kan tenke oss til. Men med tida kan du kanskje finne opplysningar om hus dei bygde, om setrar dei rydda, om åkrar dei dyrka, om jakt og fiske dei dreiv og ymse anna. Og du kan føre det inn i boka etter som du finn fram til opplysningane. Det er òg oftast vanskelegare å finne fram til nøyaktig fødselsdato. Ofte må ein nøye seg berre med opplysningar om kor gamle dei var eit visst årstal. Like eins blir det vanskelegare å finne ut kvar kona var frå, og kvar dei yngre søskena slo seg til.

Slektstavler (Anetavleskjema)

Desse er greie og oversiktlege og skulle ikkje falle vanskeleg for nokon å fylle ut. Ved å føre dei over til nye blad kan ein følge slekta i rak line i alle forgreiningar. Her er òg det gode at ein kan fylle ut det ein veit og supplere det etterkvart som ein finn fram til opplysningane.

Gardssoga og skjema for garden

Her kjem så dei historiske opplysningar som ein kan finne fram til om garden. Har ein føreåt samla tilstrekkeleg tilfang kan ein skrive det ned som ei kronologisk gardssoge der opplysningane kjem i historisk rekkefølge. Men for dei fleste vil det truleg bli

til at ein fører inn dei opplysningar ein har for handa og supplerar dei etter kvart. På den måten blir det nok meire uryddig, men den eine måten kan i og for seg vera like bra som den andre. Hovudsaka er at ein tar vare på dei opplysningane ein har. Og skulle opplysningane bli så fyldige, at ein kan og vil ordne dei som ei fast komponert gardssoge, så kan ein til kvar tid få kjøpt nye lausblad, som ein kan sette inn og ta ut dei gamle. Så elastisk er dette systemet.

Her i gardssoga blir da å ta inn alle opplysningar om garden gjennom tidene. Opplysningar om oldbrev, gamle matriklar, grensetvistar, skylddelingsforretningar, skjøter, kontrakter osv. Vidare opplysningar om jordstykker og dei gamle namna på dei, husmannsplassar, hus, reiskap m. v. Det har historisk interesse om ein kan tidfeste når den første separatoren, fabrikkplogen, såmaskina, slåmaskina, og i seinare tid den første traktoren og mjølkemaskina kom på garden. Like eins når garden fekk elektrisk lys, når det vart bygt ny gardsveg, alderen på husa, nydyrking og liknande. Og her bør ein etterkvart føre inn det nye som skjer i så måte i eins eige brukartid, stutte konsise opplysningar.

I det heile dersom ein skaffar seg ei slik Gards- og ættebok, så blir ein aldri ferdig med henne. Om ein tar sikte på å få Norges Bondelags gards- og ættediplom eller slektsdiplomet, så er ein ikkje dermed ferdig med denne boka. Ein skal ta sikte på å halde henne vedlike for si eiga tid og stadig supplere henne når det gjeld fortida. Det er eit arbeid som skal halda fram frå far til son. Blir det for lite plass i ei Gards- og ættebok får ein kjøpe seg ei til, eit band nr. 2.

Har ein så fått ei slik bok i stand, ho kan vera meire eller mindre fullstendig, vil ein ha materiale til å kunne gi sine barn kjennskap til soga til garden og slekta bakover i tida, ein vil ha materiale som vil tene til å vekke og styrke den gode og sunne ættekjensla hos slektene som veks opp, og få dei til å sjå garden i historisk perspektiv, noko som vil gi deira liv eit

større og rikare innhald, anten dei nå blir verande på garden eller reiser ut frå han. Ein gard er ikkje ein død ting. Han er eit lite samfunn, der folk har levt og stridd, i sorg og glede, elska og hata, akkurat som vi gjer det i dag, gjennom generasjonar frå eldgamle tider. Det er historisk jord vi står på. Den kjensla er verdifull å ta med seg, jamvel i vår tid.

Skjema for skisser og for oppklebing av bilete til gards- og ætteboka

Til sist kjem nokre blad til dette bruk. Når det gjeld bilete må ein her gjera eit strengt utval. Det kan vera dei eldste bileta som finst av garden, da garden kanskje hadde eit heilt anna utsjåande enn i dag. Og det kan vera eit nyare bilete som viser tunet og husa på garden slik dei er i dag.

Gamle skisser som viser åkrane og jorda på garden for ein 50—100 år tilbake har stor verdi. Stundom finst det slike gamle skisser. Finst det ikkje noko slikt kan det ofte ha stor interesse å prøve sette opp ei slik skisse på grunnlag av opplysningar som dei eldste på garden kan gi. På mange gardar var det slik at det for ein 50—75 år sidan var ei rekke klårt avgrensa åkrar og jordstykke som hadde sine serskilde namn, det var naturleg eng, myr og kratt, som i dag er dyrka. Dei gamle åkrane er vortne ein del av det samla dyrka arealet på garden, og dermed er grensene og namna i ferd med å bli borte. Det er viktig å berge dei frå gløymsla om det er råd. På mange garder har det òg vore teigblanding og teigbyte. Har det vore utskifting har ein utskiftingskarta, men det vil likevel vera på sin plass at ein får opplysningar og gjerne eit enkelt riss av det i gardsboka.

GARDS- OG ÆTTEDIPLOM OG SLEKTSDIPLOM

I klår forståing av kva verdi ættekjensla og kjennskap til soga til garden og ætta si har for bondesamfunnet var det Norges Bondelag i si tid tok opp dette arbeidet, og utarbeidde desse Gards- og ættebøkene og sette opp reglar for tildeling av diplom for kjennskap til soga til ætta si og den garden ein sit på. Utdelinga av desse diplomane har sidan vore ein av dei store feststunder på Bondelagets landsmøter.

Gards- og ættediplom

Krava for å få Norges Bondelags gards- og ættediplom er at ein kan legge fram gards- og ættebok som viser eigarsoga til garden så langt tilbake som det lar seg gjera skaffe opplysningar, altså gards- og ættesoge for den eigedomen ein har i dag. Det er den mest kravfulle av desse diploma og krev mest av opplysningar frå alle tilgjengelege kjelder. Men det er spørsmål om arbeid og gransking først og fremst.

Som regel er det ingen vanske å følge ei samanhengande brukarrekke på ein gard tilbake til 1720-åra. Etter den tid kan det vera vanskelegare å få samanheng i brukarrekka, men ofte vil ein greie det til kring 1600-talet. Det gjeld dersom garden har vore odelsgods. For bygseljord er det langt vanskelegare. Det var heller ikkje den stabilitet mellom brukarane når dei var leiglendingar som mellom odelsbøndene. Det meste av krongodset og adelsgodset vart selt i det 18. århundre, det meste av kyrkjegodset i det 19. århundre. I dei tilfelle ein sit på ein gamal bygselgard vil det som regel vera lett følge brukarrekka tilbake til den gangen garden vart odelsgods.

Når det gjeld slektsdiplom er krava at ein kan legge fram opplysningar som viser at same slekta har sote på same garden i minst 200 år. I dei tilfelle, og dei er mange, da ein veit at same slekta har sote på same garden så lenge, skulle det vera ei overkomeleg oppgave å skaffe tilveges desse opplysningar.

Slekts-diplom

☆

Men sjøl for dei som ikkje tenker på, eller som er klår over at det vil ta tid å samle opplysningar som fyller krava til desse diploma, vil ei gards- og ættebok ha si store interesse. Etter mi meining burde ho finnast på kvar einaste gard, for oppnotering av dei kunnskapar om garden og slekta som kvar einaste bonde har i minnet sitt, og for notering av viktige hendingar på garden i hans brukartid.

Derfor er mitt råd: Skaff deg ei slik bok på garden, der du skriv ned opplysningar om deg sjøl, om foreldra dine, besteforeldra og elles så langt du kan skaffe opplysningar lettvindt tilveges. Vil du så gå vidare, så gå i gang med godt mot. Søk råd og rettleiing hos folk som har sysla med slike ting. I dei fleste bygder finn ein slike folk.

Lykke til!

☆